

Prop. 33 S

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2012 under Olje- og energidepartementet

*Tilråding fra Olje- og energidepartementet 23. november 2012,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen kjem Olje- og energidepartementet (OED) med framlegg til endringar i statsbudsjettet for 2012 i samsvar med kapittel 2. Departementet gjer greie for bruk av fullmakt under petroleumsverksemda i kapittel 3. Kapittel 4 omhandlar SDØE-deltaking i utbyggingsprosjekt på norsk kontinentsokkel som tidlegare er behandla av Stortinget. I kapittel 5 er omtalt oppmodingsvedtak om mål for energieffektivisering av bygningar.

2 Endringar i statsbudsjettet for 2012

Kap. 1800 Olje- og energidepartementet

Post 01 Driftsutgifter

Etter terroranslaget mot regjeringskvartalet 22. juli 2011 har Olje- og energidepartementet vore lokalisert i midlertidige lokale på Majorstua. Departementet har i løpet av 2012 flytt inn i lokale i regjeringskvartalet (R5). Dette har medført ekstraordinære utgifter for Olje- og energidepartementet knytte til flytting, anskaffingar og tiltak for å etablere tilfredsstillande arbeidsforhold i R5.

Ved kongeleg resolusjon 14. september 2012 vart det gitt samtykke til å overskride løyvinga

under kap. 1800 Olje- og energidepartementet, post 01 Driftsutgifter med inntil 5 mill. kroner for utgifter knytte til flyttinga mv. som vil komme til i 2012.

Meirutgiftene for departementet i samband med flyttinga omfattar investeringar i tilknyting til kontor, møterom, fellesområde, oppgradering av AV-utstyr, anskaffing av møblar, telefonar og anna utstyr, flytting av utstyr mv. frå Majorstua og lageret på Ensjø.

På bakgrunn av oppdatert oversikt over ekstraordinære utgifter og utgiftene knytte til flyttinga mv., er meirutgiftene justerte ned til om lag 4,5 mill. kroner. Det er lagt opp til å kunne dekkje i storleiksorden 2 mill. kroner innanfor eksisterande budsjetttrammer. Med bakgrunn i dette er det foreslått ei tilleggsloyming på 2,5 mill. kroner i 2012.

Nytt forslag til loyming er om lag 159,9 mill. kroner.

Kap. 1810 Oljedirektoratet

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Det blir foreslått å redusere loyminga knytte til Oljedirektoratets oppdrags- og samarbeidsverksemd med 5 mill. kroner. Endringa har hovudsakeleg samanheng med lågare aktivitetsnivå enn tidlegare budsjettet knytt til samarbeidsprosjektet

Force. Utgiftsreduksjonen motsvarer ein tilsvarende inntektsreduksjon under kap. 4810, post 02 Oppdrags- og samarbeidsverksemd. Det er ei uvisse knytt til omfanget av oppdrags- og samarbeidsverksemda.

Nytt forslag til løyving er 457,1 mill. kroner.

Kap. 1820 Noregs vassdrags- og energidirektorat

Post 01 Driftsutgifter

Det blir foreslått å redusere løyvinga knytt til NVEs tilsyn med økodesigndirektivet med 2,5 mill. kroner. Reduksjonen har samanheng med at ei gebyr-/avgiftsordning ikkje er på plass. Utgiftsreduksjonen motsvarer ein tilsvarende inntektsreduksjon under kap. 4820, post 01 Gebyrinntekter.

Nytt forslag til løyving er 446,95 mill. kroner.

Kap. 1833 CO₂-handtering

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Fullskala CO₂-handtering på Mongstad – Mongstad Steg 2

Budsjettet knytt til planlegging og førebuing av fullskala CO₂-fangst på Mongstad er foreslått redusert med 264 mill. kroner i 2012, frå 705 til 441 mill. kroner. Reduksjonen knyter seg i hovudsak til at bemanninga i prosjektteamet har vore lågare enn venta, kontraktane for engineering og teknisk assistanse er inngått med lågare verdi og arbeidsomfanget knytt til aminstudiar er noko redusert.

Vidare er eigaroppfølgingskostnadene til Gassnova SF foreslått reduserte med 3 mill. kroner, til 34 mill. kroner i 2012. Reduksjonen skuldast i hovudsak at aktiviteten innanfor eksterne studiar vil bli noko lågare enn tidlegare anteke.

Transport og lagring av CO₂

Budsjettet knytt til transport og lagring av CO₂ frå Mongstad er foreslått redusert med 29 mill. kroner i 2012, frå 127 til 98 mill. kroner.

Gassnova arbeider med utgreiing av transport- og lagringsløysingar for CO₂ frå Mongstad. I løpet av siste halvdel av 2011 og 2012 er merksemda i større grad retta mot å arbeide fram forslag til organisering av eigarskap og gjennomføring. Gassnova har gjort dette arbeidet i samråd med departementet. Konkret teknisk arbeid med å kvalifisere lagerlokalisering vert avslutta i løpet av 2012. På bakgrunn av oppdaterte budsjettoverslag

frå Gassnova er budsjettet for 2012 foreslått redusert med 22 mill. kroner, til 68 mill. kroner.

På transportsida arbeider Gassco AS med å etablere løysingar for røyrleidning frå Mongstad til eigna lager. Budsjettet for 2012 er foreslått redusert med 7 mill. kroner. Reduksjonen knyter seg til at småskala testing av støytårn er utsett til 2013. Vidare har det vore mindre behov for midlar til studiar enn først anteke.

CCS moglegheitsstudie

Gassnova skal gjennomføre eit utgreiingsarbeid der føremålet er å medverke til ei brei og oppdatert kartlegging av moglegheitsområdet for realisering av fullskala CO₂-handtering utover prosjektet på Mongstad. Utgreiinga skal gi styresmakten eit betre kunnskapsgrunnlag omkring moglege CO₂-handteringsprosjekt i Noreg.

Totalt er budsjettbehovet for moglegheitsstudiene redusert med 46 mill. kroner, frå 148 til 102 mill. kroner. Reduksjonen knyter seg hovudsakleg til at samla arbeidsomfang er redusert som følgje av at det ikkje er sett som nødvendig å gjennomføre idéstudiar (opphevleg budsjettanslag omfatta seks idéstudiar). Ein gjer merksam på at det framleis knyter seg uvisse til estimatet, blant anna som følgje av at Gassnova i løpet av 2012 vil vurdere om planlagt kolkraftverk på Svalbard kan vere relevant for CO₂-handtering. Dette kan medføre endringar i totalanslaget for moglegheitsstudiene.

På bakgrunn av det nye totalanslaget for studiene, er budsjettet for 2012 foreslått redusert med 28 mill. kroner, frå 57 til 29 mill. kroner.

Ekstern bistand

Det har vore mindre behov for ekstern bistand i 2012 knytt til blant anna kvalitetssikring, juridiske og organisatoriske problemstillingar og statsstøtteregelverk i samband med statleg engasjement i CO₂-handteringsprosjekt. På den bakgrunnen er budsjettet for 2012 foreslått redusert med 9 mill. kroner.

Oppsummering

På bakgrunn av endringane nemnde ovanfor er løyvinga foreslått redusert med totalt 333 mill. kroner.

Nytt forslag til løyving er 617 mill. kroner. Disponibelt budsjett under posten, inkludert overførte midlar frå 2011, utgjer totalt om lag 725 mill. kroner for 2012.

Post 71 Forskningstenester, TCM DA, kan overførast

Løyvinga til kjøp av forskningstenester dekkjer nedbetaling av lån og driftsutgifter ved teknologisenteret på Mongstad. Kjøp av forskningstenester er budsjettet til 697 mill. kroner i 2012, ein auke på netto 28 mill. kroner i forhold til gjeldande budsjett for 2012.

Det er anslått at staten sin del av driftskostnadene vil auke med 33 mill. kroner i forhold til det som vart lagt til grunn i revidert budsjett 2012. Dette skuldast forskyving av inntekter frå 2012 til 2013 frå Aker Clean Carbon som følgje av forseinka start av amiananlegget. Inntektene frå Aker Clean Carbon er tekne omsyn til i løyvinga som er foreslått i Prop. 1 S for 2013.

Tilbakebetalinga av lånet starta i oktober 2012. Utgifter til nedbetaling av lånet er reduserte med 10 mill. kroner som følgje av at renta på lånet til TCM DA er redusert, jf. kap. 4833, post 80. Redusjonen skuldast at rentesatsen er justert ned frå 4 til 3,25 pst.

Ovannemnde endringar medfører ein netto auke i utgifter til meirverdiavgift på 5 mill. kroner.

Kap. 1870 Petoro AS***Post 71 Unitisering, kan overførast***

Løyvinga til arbeidet med unitiseringa av Johan Sverdrup-funneln blir foreslått redusert med 5 mill. kroner. Endringa skuldast ei anna fordeling av kostnadene over tid enn tidlegare lagt til grunn. Totalt er Petoro sin del av dette arbeidet rekna til å bli inntil 80 mill. kroner i perioden 2012-214.

Nytt forslag til løyving for 2012 er 35 mill. kroner.

Kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda

Grunnlaget for forslaget til nye løyvingar kjem frå ein oppdatert prognose for 2012 frå Petoro. Denne prognosene er basert på rekneskapsføring for inntekter og utgifter per 30. september 2012 og overslag for resten av året.

Kap. 5440, underpost 24.1 Driftsinntekter blir auka med 6 100 mill. kroner, frå 197 400 til 203 500 mill. kroner. Endringa skuldast hovudsakleg at venta gasspris og -volum for 2012 er høgare enn det som vart lagt til grunn i revidert budsjett 2012.

Kap. 5440, underpost 24.3 Leite- og feltutviklingsutgifter blir redusert med 500 mill. kroner, frå 2 800 til 2 300 mill. kroner som følgje av omprioriteringar av leiteaktivitetar og utsette leitebrønar.

Kap. 5440, underpost 24.4 Avskrivingar blir auka med 600 mill. kroner, frå 18 400 til 19 000 mill. kroner. Endringa skuldast auka sal av gass.

Kap. 5440, underpost 24.5 Renter av statens kapital blir redusert med 200 mill. kroner, frå 6 800 til 6 600 mill. kroner. Endringa skuldast hovudsakleg oppdatering av overslag for statens faste kapital. Kalkulatorisk rente for 2012 er basert på ein rentesats på 2,81 pst.

Endringane nemnde ovanfor fører til at kap. 5440, post 24 Driftsresultat blir auka med 6 200 mill. kroner, frå 137 200 til 143 400 mill. kroner.

Tabell 2.1 Endringar på statsbudsjettet 2012 under kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (i mill. kroner)

Kap./post Underpost	Nemning	Gjeldande løyving ¹	Forslag til ny løyving	Endring
2440	30 Investeringar	26 000	26 000	0
Sum kap. 2440		26 000	26 000	0
5440	24.1 Driftsinntekter.....	197 400	203 500	6 100
	24.2 Driftsutgifter.....	-32 200	-32 200	0
	24.3 Leite- og feltutviklingsutgifter	-2 800	-2 300	500
	24.4 Avskrivningar	-18 400	-19 000	-600
	24.5 Renter av statens kapital	-6 800	-6 600	200
	24 Driftsresultat	137 200	143 400	6 200
	30 Avskrivningar	18 400	19 000	600
	80 Renter av statens kapital	6 800	6 600	-200
Sum kap. 5440		162 400	169 000	6 600
Kontantstraum frå SDØE:				
	Innbetalingar ²	197 400	203 500	6 100
	Utbetalingar ³	61 000	60 500	-500
Nettokontantstraum frå SDØE		136 400	143 000	6 600

¹ Gjeldande løyving for 2012 er basert på Stortingets løyvingsvedtak av 12. desember 2011 og seinare endringar i 2012 (revidert budsjett), jf. Prop. 111 S og Innst. 375 S (2011-2012).

² Innbetalingar = driftsinntekter

³ Utbetalingar = driftsutgifter + leite- og feltutviklingskostnader + investeringar

Desse endringane medfører samla sett at netto kontantstraum frå SDØE aukar med 6 600 mill. kroner, frå 136 400 til 143 000 mill. kroner.

Kap. 2490 NVE Anlegg

Kap. 2490, underpost 24.1 Driftsinntekter blir foreslått auka med 34 mill. kroner, frå 56 mill. kroner til 90 mill. kroner. Driftsinntektene aukar som føl-

gje av auka omsetning i samband med flaum- og skredhendingar i Trøndelag og på Austlandet og Vestlandet våren/sommaren 2012.

Kap. 2490, underpost 24.2 Driftsutgifter blir foreslått auka med 34 mill. kroner, frå 49,5 mill. kroner til 83,5 mill. kroner. Driftsutgiftene aukar som følgje av auka aktivitet i samband med ovan- nemnde flaum- og skredhendingar.

Post 24 Driftsresultat

Tabell 2.2 Endringar under kap. 2490 NVE Anlegg (i 1 000 kr)

Kap./post/ underpost	Nemning	Gjeldande overslag	Nytt overslag	Endring
2490	24.1 Driftsinntekter	-56 000	-90 000	-34 000
	24.2 Driftsutgifter	49 500	83 500	34 000
	24.3 Avskrivingar.....	5 400	5 400	0
	24.4 Renter av statens kapital.....	1 100	1 100	0
24	Driftsresultat	0	0	0

Endringane i underpostar fører ikkje til endring i driftsresultatet for NVE Anlegg under kap. 2490, post 24 i høve til gjeldande løyving for 2012.

Nytt forslag til løyving er 62,5 mill. kroner.

Kap. 4810 Oljedirektoratet*Post 02 Oppdrags- og samarbeidsverksemd*

Løyvinga blir foreslått redusert med 5 mill. kroner, jf. omtale og tilsvarande reduksjon av løyvinga under kap. 1810, post 21.

Nytt forslag til løyving er 143,4 mill. kroner.

Post 04 Sal av undersøkingsmateriale

Det vart i 2011 bestemt at seismiske data frå områda utanfor Lofoten skulle leggjast ut for sal som datapakkar. Det er per utgangen av september selt tolv pakkar for 43,2 mill. kroner stykket eks. meirverdiavgift, ein auke på éin pakke i forhold til gjeldande budsjett 2012.

Løyvinga under posten har ved ein feil inkludert meirverdiavgift og blir derfor foreslått nedsett med 118,8 mill. kroner. Innbetalt meirverdiavgift blir innrapportert og betalt til skattestyrsmaktene for føring i meirverdiavgiftssystemet og inntektsført på kap. 5521.

På denne bakgrunnen er posten foreslått redusert med netto 75,6 mill. kroner. Nytt forslag til løyving er 518,4 mill. kroner.

Kap. 4820 Noregs vassdrags- og energidirektorat*Post 01 Gebyrinntekter*

Løyvinga er foreslått redusert med 2,5 mill. kroner, jf. omtale og tilsvarande reduksjon av løyvinga under kap. 1820, post 01.

Kap. 4833 CO₂-handtering*Post 80 Renter, TCM DA*

Renteinntekter frå TCM DA er rekna til 37 mill. kroner i 2012, ein reduksjon på 10 mill. kroner i høve til gjeldande budsjett 2012. Reduksjonen skuldast at rentesatsen er justert ned frå 4 til 3,25 pst., jf. kap. 1833, post 71.

Kap. 5582 Sektoravgifter under Olje- og energidepartementet*Post 70 Bidrag til kulturminnevern*

Det er fatta vedtak i to nye konsesjonssaker som NVE kan krevje inn avgift frå. Den første saka gjeld dei små reguleringsmagasina Elgsjø og marsjø (0,4 mill. kroner), den andre saka gjeld reguleringsmagasinet Tesse (2 mill. kroner).

På denne bakgrunnen blir det budsjettert med 2,4 mill. kroner i inntekter under posten i 2012.

3 Bruk av fullmakter under petroleumsverksemda

Som ein del av den årlege behandlinga av statsbudsjettet gir Stortinget fullmakter til Kongen i statsråd og Olje- og energidepartementet knytt til petroleumsverksemda, jf. Prop. 1 S og Innst. 9 S (2011-2012).

På neste side gjer Olje- og energidepartementet greie for bruk av slike fullmakter i 2012.

3.1 Fullmakt XII – Utbyggingsprosjekt på norsk kontinentalsokkel

Fullmakt for forenkla behandling frå styresmakten si side har blitt nytta ved fire høve i 2012:

Skuld

Departementet tok 26. september 2011 i mot søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Skuld. Skuld blir bygd ut med tre installasjoner på havbotnen og blir knytt til Norne-innretninga. Her vil brønnstraumen bli prosessert for vidare eksport. Produksjonen vil ta til i desember 2012. Rettshavarane i Skuld er operatøren Statoil ASA (63,95 pst.), Petoro AS (24,55 pst.) og Eni Norge AS (11,5 pst.).

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til 9,8 mrd. 2011-kroner. Plan for utbygging og drift av Skuld vart vedteken ved kongeleg resolusjon 20. januar 2012.

Investeringsanslaget for Skuld er auka til 10,1 mrd. 2012-kroner, jf. pkt. 5 i Prop. 1 S (2012-2013).

Jette

Departementet tok 7. september 2011 i mot søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Jette. Jette blir bygd ut med ein installasjon på havbotnen og knytt til Jotun-innretninga. Her vil brønnstraumen bli prosessert for vidare eksport. Rettshavarane i Jette er operatøren Det norske oljeselskap ASA (70 pst.) og Petoro AS (30 pst.).

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til om lag 2,6 mrd. 2012-kroner. Plan for utbygging og drift av Jette vart vedteken ved kongeleg resolusjon 17. februar 2012.

Investeringsanslaget for Jette er auka til 2,9 mrd. 2012-kroner, jf. pkt. 5 i Prop. 1 S (2012-2013).

Bøyla

Departementet tok 4. juni 2012 i mot søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Bøyla. Bøyla blir bygd ut med ein installasjon på havbotnen og knytt til Alvheim FPSO-innretninga. Her vil brønnstraumen bli prosessert for vidare eksport. Rettshavarane i Bøyla er operatøren Marathon Oil Norge AS (65 pst.), Lundin Norway AS (15 pst.) og ConocoPhillips Scandinavia AS (20 pst.).

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til 5,0 mrd. 2011-kroner.

Plan for utbygging og drift av Bøyla vart vedteken ved kongeleg resolusjon 26. oktober 2012.

Svalin

Departementet mottok 15. juni 2012 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Svalin. Svalin blir bygd ut med brønnar bora frå vertern innretninga Grane og med eit havbotnsanlegg knytta til same innretninga. Olja frå Svalin vert prosessert på Grane, før transport til Sture-terminalen for lagring og utskiping. Rettshavarane i Svalin er operatøren Statoil Petroleum AS (57 pst.), Petoro AS (30 pst.) og ExxonMobilExploration and Production Norway AS (13 pst.).

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til om lag 4,4 mrd. 2012-kroner.

Plan for utbygging og drift av Svalin ble vedteken ved kongeleg resolusjon 23. november 2012.

3.2 Fullmakt XV – Overføring av delar i utvinningsløyve

Fullmakt for overføring av delar i utvinningsløyve er blitt nytta ved eit høve i 2012.

Jette

Olje- og energidepartementet godkjente 19. juni 2012 overføring av 29,23 pst. i utvinningsløyve 504 og 20 pst. i utvinningsløyve 169C frå Det norske oljeselskap til staten. Samla utgjer delane 22 pst. i Jettefeltet. Staten overtek delane vederlagsfritt, men vil dekkje dei investeringane Det norske oljeselskap har hatt i 2011 på 46 mill. kroner.

4 SDØE-deltaking i utbyggingsprosjekt på norsk kontinentalsokkel

I utbyggingssaker der Petoro AS er ein av rettshavarane, er det inkludert ei omtale av budsjettkonsekvensar for statens direkte økonomiske engasjement (SDØE) i proposisjonen som blir send til Stortinget. Her er omtalt SDØE sin del av investeringane som følgje av at Petoro AS deltek i prosjektet. I tillegg er det teke inn forslag til vedtak, eit eige romartal, om at Stortinget samtykkjer i at Petoro AS, som rettshavar for SDØE, kan delta i utbygginga.

Ved ein inkurie er det i Prop. 85 S (2011-2012) Utbygging og drift av Martin Linge-feltet ikkje inkludert ei eiga omtale av budsjettkonsekvensar for SDØE og eit eige romartalvedtak som omtalt ovanfor. Det er likevel i gjeldande budsjett for 2012 teke omsyn til budsjettkonsekvensane som

følgje av plan for utbygging og drift av Martin Linge-feltet når det gjeld investeringskostnader, driftskostnader og kalkulatoriske renter som kjem til i år.

Olje- og energidepartementet har også gått gjennom tidlegare proposisjonar som er sende Stortinget i utbyggingssaker tilbake til 1998. I dei utbyggingane der det har vore statsdeltaking er det inkludert ei omtale av budsjettkonsekvensar for

SDØE i proposisjonen. Eit eksplisitt romartalsvedtak om at Stortinget samtykkjer i at SDØE kan delta i utbygginga er likevel utelate i Prop. 53 S (2011-2012) Utbygging og drift av Åsgard undervasskompresjon og Prop. 85 S (2010-2011) Utbygging og drift av Valemon. For desse prosjekta har det også vore budsjettdekning innanfor gjeldande budsjett for SDØE-deltakinga i det året som Stortinget slutta seg til prosjektet.

Tabell 4.1 SDØE sin del av investeringane og budsjettforpliktingar

	PUD/PAD godkjent	PUD/PAD overslag	Overslag juli 2012	SDØE- del	(i mill. 2012-kroner) SDØE-del i mill. kroner
Valemon	2011	19 095	19 646	30,00 %	5 894
Martin Linge	2012	25 641	25 641	30,00 %	7 692
Åsgard undervasskompresjon	2012	16 086	16 481	35,69 %	6 315

På bakgrunn av ovannemnd er det foreslått at Petoro AS, som rettshavar for SDØE, deltek i utbygginga av Martin Linge-feltet, Åsgard undervasskompresjon og Valemon, jf. Forslag til vedtak II.

5 Mål for energieffektivisering i bygningar

5.1 Innleiing

Ved behandlinga av Meld. St. 21 (2011-2012) Norsk klimapolitikk, fatta Stortinget følgjande vedtak:

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med et mål for energieffektivisering i bygg i løpet av 2012»

Energibruken til drift av bustader og yrkesbygningar, det vil seie lys, varme og elektrisk utstyr i bygningar utgjer 37 pst. av energibruken innanlands. Energibruken i bustader og fritidshus er åleine rekna til 20 pst. Regjeringa legg med dette fram eit langsiktig mål for bustader og yrkesbygningar og talfester effekten av dei viktigaste tiltaka for å betre energieffektiviteten i bygningar fram til utgangen av 2020.

5.2 Mål for energieffektivisering

Energieffektivitet er eit mål på kor mykje ein energiinnsats gir av komfort eller produksjon. Det blir til dømes meir effektiv energibruk når ein bygning blir etterisolert. Ein stor del av arbeidet med energieffektivisering i bygningar er knytt til oppvarming. Energieffektivisering er eit viktig bidrag til ei sikker energiforsyning og medverkar til å redusere behovet for naturinngrep. Energibruken i bygningar står for ein stor del av den samla energibruken i Noreg, jf. boks 5.1.

Det er mange faktorar som verkar inn på utviklinga i energibruken og dei trekkjer i ulik retning. Dei viktigaste drivkraftene som gir auka energibruk er den demografiske og økonomiske utviklinga. Tilhøve som trekker i retning av lågare energibruk og betre energieffektivitet, er den teknologiske utviklinga som gjer at det blir vanleg å ta i bruk meir energieffektive løysingar ved utbetringar og drift av bygningar. Om urbaniseringa held fram, og det blir meir vanlig å bu i fleirbustadhus, vil energibruken bli redusert målt per kvadratmeter. Prisen på energi og avgifter verkar også inn på utviklinga. Over tid vil energiprisane truleg vere avgjerande for utviklinga i energibruk og energieffektivitet. Energieffektivisering i bygningar trekkjer i retning av å avgrense energibruken.

Regjeringa vil at bygg i framtida skal vere utforma etter beste praksis når det gjeld design,

konstruksjon og drift. Regjeringa sitt overordna og langsiktige mål er at nye bygg skal vere berekraftige med eit lågt avtrykk på miljø i heile byggets levetid. Fram mot 2040 vil regjeringa leggje til grunn ei tenking for bygg der materialar, forbruk av energi og vatn, innemiljø, forureining, transport og avfall vert sett i ein heilskapleg samanheng. Regjeringa sin ambisjon er at energibruken i bygg per kvadratmeter skal vere vesentleg lågare i 2040 enn i dag. Det finst fleire ulike studiar som identifiserer eit potensial for energieffektivisering i eit slikt langsiktig perspektiv. Det er likevel knytt stor uvisse til desse. Regjeringa legg til grunn at frå 2010 til 2020 vil dei iverksette verkemidla gje ein effekt på 15 TWh energieffektivisering i bygg. I klimameldinga og i byggemeldinga har regjeringa gjort greie for tiltak som vil gjere dette mogleg. Fleire av desse verkemidla vil ha klart større effekt etter 2020. Dette gjeld mellom anna dei byggtekniske krava.

Boks 5.1 Energibruken i bustader og bygningar

Energibruken til drift av bustader og yrkesbygningar, det vil seie lys, varme og elektrisk utstyr i bygningar, var 83 TWh i 2009. Dette svarar til 37 pst. av energibruken innanlands. Energibruken fordelte seg slik:

- 46 TWh til bustader og fritidshus
- 29 TWh til yrkesbygningar innanfor tenesteytande næringar
- 4 TWh til industribygningar
- 4 TWh til yrkesbygningar innanfor primærnæringane og anleggssektoren

Tala er noko usikre når det gjeld eksakt kor stort forbruket er.

Av energibruken i bygningar kjem 70 til 80 pst. frå elektrisitet. Grovt rekna kjem resten av energien frå olje (7 pst.), bioenergi (7 pst.) og fjernvarme (4 pst.), i tillegg til varme frå omgivnadene og gass i mindre omfang.

I 2009 stod bustader og fritidshus for om lag 55 pst. av den totale energibruken i bygningar. Energibruken per bustadeining har gått litt ned dei siste åra. Samtidig er det blitt fleire bustader, slik at den totale energibruken i bustader har vore relativt stabil dei siste åra.

5.3 Fram mot 2020

Det blir målt og ført statistikk over den samla energibruken i bygningar. Men det er krevjande å isolere dei ulike årsakene til ei bestemt utvikling, og å måle komfortnivå. Det er derfor krevjande å isolere effekten av energieffektivisering. Det er ei utfordring når ein skal talfeste effekten av energieffektivisering, og seinare kunne vurdere om berekningane stemmer. Ein må nytte ulike indikatorar for å talfeste effekten av energieffektivisering i bygningar og for å etterprøve berekningane.

Det vil vere stor uvisse knytt til talet for energieffektivisering. Det gjeld uavhengig av kva metode ein nyttar.

Regjeringa har ein offensiv politikk for energieffektivisering. Energibruken i bygningar er for ein stor del pålagt avgifter som gjer at prisen på energivarene til sluttbrukarane blir høgare enn produsentprisen. Grunngivinga for dei forskjellige avgiftene er ulik, men verknaden er uansett at lønsemda ved energieffektiviseringstiltak blir betre. I tillegg har regjeringa innført fleire reguleringar og støtteordningar for å oppnå energieffektivisering:

- Byggteknisk forskrift (TEK) vart skjerpa i 2007 og 2010, og set ambisiøse krav til energieffektivitet i bygningar.
- Enova og Husbanken er styrkt monaleg, og stimulerer til tiltak utover krava i TEK.
- Det er sett krav til energieffektivitet for produkt.

Med bakgrunn i desse tiltaka meiner regjeringa det er realistisk å nå 15 TWh energieffektivisering. Verknaden av utviklinga i prisar og avgifter er halden utanom reknestykka som ligg til grunn for målet i 2020.

I tillegg blir det gjort mange energieffektiviseringstiltak som ikkje blir utløyste av standardar og støtteordningar, men som kjem i samband med mindre vedlikehalds- og oppussingsarbeid. Slike energieffektiviseringstiltak kan vere påverka av prisane og avgiftene, informasjon og rådgiving, eller at byggjeskikken og dei tekniske løysingane endrar seg. Regjeringa legg stor vekt på bruk av skattar og avgifter, og informasjon og rådgiving i miljø- og klimapolitikken. NVE har, på usikkert grunnlag, anslått energieffektiviseringa som kjem frå mindre vedlikehalds- og oppussingsarbeid til å vere om lag 3 TWh i perioden 2010-2020.

Det er nytta forskjellige metodar for å vurdere om regjeringa har ein politikk som gjer at 15 TWh energieffektivisering i 2020 er realistisk. Til dømes har departementet fått gjort vurderingar

av effekten av byggteknisk forskrift ved å framskrive areal, og effektane av energieffektive produkter er framskrivne ved hjelp av talet produkt og hushald. 15 TWh energieffektivisering i bygningssektoren i 2020 er etter regjeringa si vurdering ambisjonert, men realistisk.

5.3.1 Nærare om byggteknisk forskrift

Fram til 1. juli 2011 kunne tiltakshavar byggje etter føresegnene i byggteknisk forskrift fra 1997

Tabell 5.1 Ratar for arealframskriving

	Bustader	Yrkesbygningar	Kjelde
Nybygg	1,3 pst.	1,9 pst.	Bygningsmeldinga
Rehabilitering	1,5 pst.	1,5 pst. (gj.snitt)	Arnstadgruppa, Multiconsult POBY
Riving	0,4 pst.	0,6 pst.	Bygningsmeldinga, bearbeidd

For å finne effektiviseringsvinstane blir det først rekna ut energibruk i bygga i 2020 som om alle nybygga og rehabiliteringane følgde TEK 97. Deretter er det berekna energibruk i 2020 gitt at alle bygga blir bygde etter dei nye forskriftene. Differansen mellom desse to berekningane utgjer energieffektiviseringa. Det er teke omsyn til overgangsvilkår og byggjetid.

Regjeringa har varsla at det vil komme nye tiltak for meir effektive bygningar framover, jf. behandlingsplanen for energieffektivisering i klimameldinga (Meld. St. 21 (2011-2012)):

«Regjeringa vil:

- Skjerpe energikravene i byggteknisk forskrift til passivhusnivå i 2015 og nesten nullenerginivå i 2020. Regjeringen vil senere fastsette bestemmelser som definerer passivhusnivå og nesten nullenerginivå. Beslutning om kravnivå gjøres på bakgrunn av utredninger av samfunnsøkonomiske og helsemessige konsekvenser og kompetansen i byggenæringen.
- Innføre komponentkrav for eksisterende bygg og klargjøre for hvilke byggearbeider og komponenter disse kravene skal gjelde, blant annet ut fra en vurdering av energieffekter og kostnader.(...)»

På lang sikt vil dei nye krava ha vesentleg verknad på energibruken per kvadratmeter i bygg. Berre ein liten del av bygningsmassen blir skifta ut eller rehabilitera kvart år. Innføring av nye krav i 2015 vil derfor ha liten effekt i sparte TWh i 2020.

(TEK 97). I 2007 sette regjeringa nye krav til bygg (TEK 07) slik at kravet til energibehov blei skjerpa med lag 25 pst. I 2010 blei det gjort ytterlegare nokre endringar i krav til energieffektivitet (TEK 10). Forbetingane i kvar TEK blir uttrykte som forbeting i intensitet (kWh/m²). For å vurdere den samla effekten av tilstramminga i TEK, har ein brukt ratar for nybygg, riving og rehabilitering. Ratane er i hovudsak henta frå Byggjemeldinga, jf. tabell 5.1.

Innan 2040 vil derimot ein vesentleg del av bygga vere ført opp eller rehabilitera etter passivhus eller nesten nullenerginivå.

Det ligg til grunn i utrekningane over at nye bygg som står ferdige eller er omfattande rehabilitera etter 2012 følger TEK 10. Regjeringa vil berekne effekten av dei nye krava etter at dei er fastsett.

5.3.2 Nærare om krav til produkt

Energikrava til produkt er sett i EUs direktiv 2009/125/EC, Økodesigndirektivet. Det er eit rammedirektiv, og EU kjem med særskilte forordningar for kvart produkt. Regjeringa har gjennomført Økodesigndirektivet. Fram til no er det krav til kjøleskap, fryseskap, fryseboks, kombiskap, komfyr, vaskemaskin, tørketrommel, oppvaskmaskin, TV, belysning, pc, spillkonsollar, standby og diverse småelektriske apparat.

I berekningane er det teke utgangspunkt i energibruk i produkt i 2010 og venta energibruk i produkt i 2020, med og utan effektivisering av produkta. Effektiviseringa svarer til differansen mellom dei to utrekningane for 2020. For næringsbygninga er det berre talgrunnlag for å berekne energieffektivisering frå krav til lys.

5.3.3 Nærare om Enova SF og Husbanken

I 2007 oppretta regjeringa Grunnfondet for fornybar energi og energieffektivisering. Fondet har i dag ein samla kapital på 25 mrd. kroner, noko som gir ein avkastning til Energifondet på om lag

996 mill. kroner per år. Regjeringa har no endra namnet på fondet til Fondet for klima, fornybar energi og energiomlegging, slik det vart lagt opp til i Klimameldinga. Det er lagt opp til å styrke fondet med 25 mrd. kroner fram mot 2016. Samstundes er det frigjort midlar fra Energifondet etter at Enova avvikla støtteordninga til vindkrafta i samband med innføringa av elsertifikatordninga. I juni 2012 underteikna departementet og Enova ei ny avtale som inneber at satsinga på mellom anna energieffektivisering i bygningar blir stor i åra framover. Enova har ei rekke program som skal medverke til energieffektivisering i bygnin- gar. Programma er retta mot nye og eksisterande yrkesbygningar og bustader. Størstedelen av tilskota er retta mot eksisterande bygningar.

Husbanken tilbyr lån mellom anna for å medverke til å fremje viktige bustadkvalitetar innanfor energi og miljø. Ved tildeling av grunnlån til oppføring og utbetring av bustader blir det sett energikrav som er strengare enn vilkåra i byggteknisk forskrift.

Resultata for energieffektiviseringa frå støtteordningane og grunnlåna er berekna som differansen mellom det energibehovet bygningane ville ha fått om dei hadde følgt vilkåra i TEK 10 og

energibehovet etter den høgare standarden som blir kravd for å få støtte eller grunnlån.

5.4 Kostnadseffektiviteten i verkemidla

Om ein nyttar eit kostnadseffektivt verkemiddel, oppnår ein eit gitt formål til lågast mogleg kostnader for samfunnet. Regjeringa ser på energieffektivisering som eit element i arbeidet med energiomlegging, der både val av oppvarmingsløysingar og effektiv energibruk er viktige element.

Om ein skal rangere dei ulike verkemidla innbyrdes, vil avgiftene vere dei mest kostnadseffektive. Støtteordningar og standardar gir avgrensa rom for individuelle tilpassingar og blir rekna for å vere mindre kostnadseffektive verkemiddel.

Olje- og energidepartementet

til rår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2012 under Olje- og energidepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t a r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2012 under Olje- og energidepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

**til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2012 under
Olje- og energidepartementet**

I

I statsbudsjettet for 2012 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Nemning	Kroner
1800		Olje- og energidepartementet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	2 500 000
		frå kr 157 419 000 til kr 159 919 000	
1810		Oljedirektoratet	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir nedsett med	5 000 000
		frå kr 462 100 000 til kr 457 100 000	
1820		Noregs vassdrags- og energidirektorat	
	01	Driftsutgifter, blir nedsett med	2 500 000
		frå kr 449 450 000 til kr 446 950 000	
2490		NVE Anlegg	
	24	Driftsresultat	0
		Spesifikasjon:	
		Driftsinntekter	-90 000 000
		Driftsutgifter	83 500 000
		Avskrivningar	5 400 000
		Renter av statens kapital	1 100 000
			0
1833		CO ₂ -handtering	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir nedsett med	333 000 000
		frå kr 950 000 000 til kr 617 000 000	
	71	Forskingstenester, TCM DA, <i>kan overførast</i> , blir auka med	28 000 000
		frå kr 669 000 000 til kr 697 000 000	
1870		Petoro AS	
	71	Unitisering, <i>kan overførast</i> , blir nedsett med	5 000 000
		frå kr 40 000 000 til kr 35 000 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4810		Oljedirektoratet	
	02	Oppdrags- og samarbeidsverksemd, blir nedsett med	5 000 000
		frå kr 148 400 000 til kr 143 400 000	
	04	Sal av undersøkingsmateriale, blir nedsett med	75 600 000
		frå kr 594 000 000 til kr 518 400 000	
4820		Noregs vassdrags- og energidirektorat	
	01	Gebyrinntekter, blir nedsett med	2 500 000
		frå kr 65 000 000 til kr 62 500 000	
4833		CO ₂ -handtering	
	80	Renter, TCM DA, blir nedsett med	10 000 000
		frå kr 47 000 000 til kr 37 000 000	
5440		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda	
	24	Driftsresultat, blir auka med	6 200 000 000
		frå kr 137 200 000 000 til kr 143 400 000 000	
		Spesifikasjon:	
		Driftsinntekter	203 500 000 000
		Driftsutgifter	-32 200 000 000
		Leite- og feltutviklingsutgifter	-2 300 000 000
		Avskrivningar	-19 000 000 000
		Renter av statens kapital	-6 600 000 000
			143 400 000 000
	30	Avskrivningar, blir auka med	600 000 000
		frå kr 18 400 000 000 til kr 19 000 000 000	
	80	Renter av statens kapital, blir nedsett med	200 000 000
		frå kr 6 800 000 000 til kr 6 600 000 000	
5582		Sektoravgifter under Olje- og energidepartementet	
(NY)	70	Bidrag til kulturminnevern, blir løyvd med	2 400 000

II*Forpliktingar knytte til utbyggingsprosjekt på norsk kontinentsokkel*

Stortinget samtykkjer i at Petoro AS, som rettshavar for statens direkte deltagardel (SDØE) kan delta i utbygging og drift av Martin Linge-feltet, Åsgard undervasskompresjon og Valemon.